



Det er noko "Tromsøpalme" ved grusbana også i år, men ikkje mykje. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kampen mot "Tromsøpalma" i Uskedalen sentrum er ikkje vunne ein gong for alle, men planta er på klar retrett.**

Det kan Kjell Yri slå fast for uskedalen.no. Han leia kampen i fjor mot denne frykta veksten, som ikkje er den eigentlege Tromsøpalma på våre kantar, men kystbjørnekjeks.

- Vi må stadig passa på å halda planta nede. Det er utan tvil mykje frø som enno ikkje er spira, men som vil komma opp, seier Yri.

Han siktar særleg til området ved grusbana. Der var det spesielt mykje av planta i fjor, ja det var den reine "skogen". Men i år er forekomstane svært små som resultat av den systematiske fjerninga i fjor. Då vart plantene teke før dei fekk frøa seg.

Men noko "Tromsøpalme" er observert andre stader også i år, til dømes mellom skulen og badestranda, og her er det viktig å få ho bort.

Kystbjørnekjeks er ikkje så giftig som sine to slektningar i skjermplantefamilien tromsøpalme og kjempebjørnekjeks, men kan verka sterkt hudirriterande i sollys, står det å lesa i oppslagsverka. Planta vart tidlegare nytta som middel mot mange lidingar.

Av Ola Matti Mathisen